


# Helg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,  
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 1 · Vår 2019  
90. årgang



Nattverdsmåltidet, bilde i Seljord kyrkje gjeve av M.B. Landstad, måla av  
svogeren H. Lassen. Brukt som altartavle frå 1880 til 1972.

## Redaksjon

480 85 754 | [post@seljordkyrkje.no](mailto:post@seljordkyrkje.no)  
Bankgiro: 2711.20.31826

## Opningstider

Tys/ons/tor 09–13. Elles treffetid etter avtale. Kontoret kan vera ubemannna på grunn av oppdrag ute.

## Kyrjekontoret

Dag Harald Undheim, Sokneprest  
907 78 921 | [dag.harald@seljordkyrkje.no](mailto:dag.harald@seljordkyrkje.no)

Petter Jakobsen, Ungdomsprest  
909 51 409 | [petter@seljordkyrkje.no](mailto:petter@seljordkyrkje.no)

Jon Svartdal, Kyrkjeverje  
917 23 967 | [jon@seljordkyrkje.no](mailto:jon@seljordkyrkje.no)

Keith Griggs, Kantor  
970 09 470 | [keith@seljordkyrkje.no](mailto:keith@seljordkyrkje.no)

Svanhild Rui Gustavsén, Diakon  
915 77 011 | [svanhild@seljordkyrkje.no](mailto:svanhild@seljordkyrkje.no)

## Kyrkjetenarar

Ivar Øygarden  
907 84 971 | [ivar@seljordkyrkje.no](mailto:ivar@seljordkyrkje.no)

Eilev Eiesland Bjørge  
975 45 943 | [eilev@seljordkyrkje.no](mailto:eilev@seljordkyrkje.no)

## Seljord sokneråd

Kristine Nystad | 466 52 462

## Flatdal sokneråd

Agnes Byberg Skårnes | 909 49 415

## Åmotsdal sokneråd

Roar Gjessing | 958 67 866

## Heimeside

[www.seljordkyrkje.no](http://www.seljordkyrkje.no)

# Påske

Kven var dei, alle desse som skar ned palmegreiner og ropa og hylla Jesus då han reid inn i Jerusalem? Kjente dei han? Hadde dei høyrte han tala eller sett han gjera under? Eller let dei seg berre riva med?

Kven var dei, alle desse som ropa «krossfest han! Krossfest han», då Pontius Pilatus spurde folkemengda om kva han skulle gjera med Jesus? Kjente dei han? Følte dei seg truga? Av han? Eller let dei seg berre riva med?

Ja, kan det til og med vera slik at nokon av dei som jubla og hylla han med palmegrein i handa, berre nokre dagar etterpå stilte opp og kravde livet hans, berre fordi dei let seg riva med?

Den som har folkemassane på si side, kan få til mykje, ikkje berre det som er godt. Ikkje minst me som lever i eit demokrati, bør hugse på dette at fleirtalet langt frå alltid har rett. Ja, sjølv Kyrkja, som diverre altfor ofte har støtta seg til makta og folkefleirtalet, skal minna seg sjølv på dette, at då det verkeleg gjaldt, stod Jesus Kristus der aleine.

No skal ikkje det forståast slik, at Kyrkja alltid skal gå sine eigne vegar, og opponera mot alt. Men når det verkeleg gjeld, når menneskelivet er truga, når rett og rettferd vert kasta på båten av eit folkefleirtal som let seg riva med, då er



Jesus rir inn i Jerusalem, Benjamin Robert Haydon.


det Kyrkja sitt ansvar å stå imot, om så aleine.

Nokon gonger oppdagar me det likevel for seint: At me let oss riva med og gjorde det som vondt var.

Då er det avgjerande å kunna støtta seg til han som aldri let seg freista, men som var trufast heilt til døden. For i han kan me forsonast med Gud, og starte på den gode vegen på nytt!

Signa påskehelg til alle!

*Asgeir Sele*



## Kyrkjeval 2019

Nye sokneråd og nye bispedømmeråd skal veljast i år. Valet blir hal-

de på same tid som kommunevalet, i lokale nær ved kommunen sitt stemmelokale. Valdagen er 9. september. Sokneråda treng folk som er villige til å stå på vallistene. Dersom du kan tenke deg å vera med og styre i den lokale kyrkja, så kan du kontakte sokneråd-sleiarane som har namn og nummer på side 2. Listene må vera klare innan utgangen av april.

## Samanslåing av Seljord og Flatdal sokn



Seljord og Flatdal vert slått saman til eitt sokn frå 01. januar 2020.

Etter framlegg frå sokneråda i Seljord og Flatdal, vedtok Agder & Telemark bispedømmeråd i møte 04. februar 2019 å slå dei to sokna til eitt felles sokn.

Namnet på det nye soknet er Seljord og Flatdal sokn, og vedtaket har verknad frå

og med 01. januar 2020.

Dette medfører at det vil bli valt eit felles sokneråd for Seljord og Flatdal ved kyrkjevalet 09. september 2019.

Åmotsdal vil halde fram som eige sokn.



# Morgedal Rør as

post@morgedalror.no – 35 06 44 55 – Postboks 114, 3835 Seljord

## Kyrkjelydane sitt misjonsprosjekt



Silje Sjøtveit kjem til Seljord dette semesteret. Ho skal mellom anna preike på messa i Flatdal 24. mars kl 11:00.

Alle dei tre kyrkjelydane i prestegjeldet vårt har eit misjonsprosjekt som dei yter stønad til.

Misjonsprosjektet hjå oss er knytt til arbeidet NMS gjer i Etiopia til beste for kvinner og borns helse i samband med svangerskap og fødsel.

Silje Sjøtveit er tilsatt i NMS og har ansvar for kontakten med kyrkjelydane som har misjonsprosjekt. Silje kjem til Seljord to gonger dette semesteret: Torsdag 07. mars skal ho delta på sokerådsmøte i Flatdal, og søndag 24. mars skal ho preike og bringe misjonsnytt på messa i Flatdal kyrkje.

I tillegg til tenesta i NMS, er Silje diakon i Tinn.



**BYGGMAKKER**  
Seljord Elektriske  
Telefon 35 06 50 00



**Flatdal Handlaft as**  
**Telemark**



**3841 Flatdal**  
**Tlf 350 57005 Mob 971 53661**  
**[www.flatdalhandlaft.no](http://www.flatdalhandlaft.no)**

## Påska i kyrkjene våre

Påska står for døra.

Tradisjonen tru vil det bli brei markering av høgtida i kyrkjene våre. Slik ser programmet ut:

Palmesøndag messe  
i Flatdal kyrkje kl 11:00  
Skjærtorsdag messe  
på Nutheim kl 19:00  
Langfredag messe i Manndal  
kl 11:00 og Seljord kl 19:00.  
Påskedag høgtidsmesse i Seljord  
kl 11:00 og Svartdal kl 15:00



Vel møtt til samling og høgtid.

Vel møtt til høgtid i kyrkjene våre påska 2019. Biletet syner Manndal kapell. Her vert det messe langfredag kl 11:00.



## Diakonens hjørne

Godt nytt år! Ja, nå skriv vi 2019, eit heilt nytt blankt år ligg framfor oss. Vi veit ikkje korleis dagane vil bli, men vi kan syngje med Mads Nielsen som skreiv denne songen i 1918, og som lyder slik:

*Hver dag er en sjelden gave,  
en skinnende mulighet,  
hver dag er på ny en nåde  
som stiger fra himlen ned.*

Så fint å tenke på at dagen som kjem er ei gåve, og ein nåde! Dagane kjem til oss, ein om gongen, og kvar enkelt av oss får fylle den med innhald, kvar på sin måte.

I Matteusevangeliet kapittel 6, vers 33-34 seier Jesus: Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre i tillegg. Ver difor ikkje urolege for morgondagen; morgondagen skal uroa seg for sitt. Kvar dag har nok med si møde.

Ynskjer at dikkon alle må få gode dagar i eit heilt nytt år!

Om du ynskjer ein prat med diakonen, er du velkommen til å ta kontakt.

Tlf 915 77 011

Eg vandrar gjerne nokre steg saman med deg, både i sorga og gledas landskap.

*Svanhild, soknediakon*

# Markusevangeliet i Seljord kyrkje

Tim Peterson resiterer



Tim Peterson vil framføre Markusevangeliet i Seljord kyrkje 31. mars kl 18:00. Biletet viser Tim saman med kona si Donadee.

Denne våren får Seljord kyrkje besøk ein amerikansk pastor. Hans namn er Tim Peterson, og han er pastor for norsk-amerikanarar i USA.

Tim har norske røter, og har vore i gamlandet mange gonger.

Med inspirasjon frå ein kjent norsk skodespelar, tok Tim til å resitere Markusevangeliet kapittel 14 – 15 (Jesu lidning og død) i gudstenesta årleg på Palmesundag.

I forlenginga av dette tok Tim til med å lære dei to nemnte kapitla av Markus på norsk. Dette blei seinare porten inn til å lære seg norsk språk heilt og fullt.

Tim Peterson kjem til Seljord 31. mars 2019. Han vil vere med på ei kveldssamling i Seljord kyrkje denne dagen kl 18:00. På samlinga vil Tim framføre delar av Markusevangeliet. I tillegg vil det bli musikalske innslag ved Keith Griggs og Torunn Räftevold Rue.

Tim seier dette om framføringa si:

«Jeg er ikkje skuespiller. Jeg er pastor. Jeg er forkynner. Jeg forteller Markusevangeliet fordi jeg ønsker å fortelle folk om Jesus».

Vil du ha ein liten smakebit av Tims resitasjon av evangeliet, kan du søkje på orda «markusevangeliet peterson» på YouTube.

Seljord Indremisjon og Seljord sokneråd samarbeider om dette arrangementet.

**MIN SALONG**  
**Damefrisør**  
**Seljord tlf 35 05 02 96**

**T. TVEITAN %**  
Brøløvsvegen, 3840 Seljord  
Telefon: 35 05 04 86 – Telefaks: 35 05 04 90

 **Funnemark**  
Seljord

# **24 HOURS** **festival**

For deg som går i 5. - 7. klasse

**Sumobryting    Gigaball**  
**Konkurranser    Spenning**  
**Klatring    Musikk**  
**Boksing    Tempo    Venner**  
**Bading    Borrelåsvegg**  
**Wipe out    Sug i magen**

**Gullbring Kulturanlegg, Bø i Telemark**  
**30.-31. mars kl. 12 - 12**

Påmelding fra 1. mars. Pris kr. 500,- / søskenmoderasjon fra barn nr. 2 kr. 450,-  
Førstemann til mølla!

For mer informasjon og påmelding:

**[www.bokyrkje.no](http://www.bokyrkje.no)**

Arrangør: Sauherad og Nes menighet, Holla og Helgen menighet, Lunde og Flåbygd menighet,  
Seljord, Flatdal og Åmotsdal kyrkjelydar, Bø kyrkjelyd, Bø Normisjon og Bø Pinsemenighet

# Jesus set fri



Barabbas eller Jesus? Den skuldige gjekk fri, medan den uskuldige blei dømd.

Den viktigaste budskapet i påska er at Jesu død og oppstode set menneske fri.

Påska er på mange vis ein stor bytelandel – der alt som høyrer meg til blir gjeve til Jesus, medan alt som høyrer Jesus til blir gjeve til meg.

Den sterkaste illustrasjonen på dette finn me i forteljinga om Barabbas.

Kven var Barabbas ? Det nye testamentet fortel ikkje så mykje om denne mannen. Men det litle som vert sagt, er nok til å kunne setje den sterkaste farge på påskebudskapet.

Lukas karakteriserer Barabbas med desse orda: «Barabbas var ein mann som sat fengsla for opprør i byen og for mord.» Matteus seier i tillegg at Barabbas var «... ein velkjend fange ...», medan Markus føyer til at han «... sat fengsla saman med nokre andre opprørarar ...». Johannes nøy seg med å seie at Barabbas var ein røvar.

Alle evangelia er samstemde i korleis det gjekk vidare: Barabbas vart sett fri, medan Jesus vart krossfest. Slik seier

Matteus det: «Då gav han dei Barabbas fri, men lét Jesus piska og gav han over til krossfesting».

På dette viset vert rollebyttet – eller bytelandelen – mellom Jesus og Barabbas ein sterk illustrasjon av påskebudskapet. Barabbas som var den skuldige, gjekk fri, medan Jesus – den uskuldige – vart krossfest og døyde.

Dette evangeliet er levande og virkekraftig i dag. Eg er som Barabbas. I møte med Jesus vert mi synd og skuld byta med tilgjeving, liv og sæle. Dåpen gav meg dette på ein grunnleggjande måte, medan omgangen med gudsordet og nattverden i dei heillages samfunn gjev meg ein stadig fornying av denne store gåva.

God påske til alle og kvar einskild i Seljord.

*Dag Harald Undheim*

**CIRCLE K**

## Circle K Seljord

**Varm mat • Bilvask • Tipping**

**Dekkverksted • Gass**

Tlf. 35 05 04 88

**Brøløsvengen 29, 3840 Seljord**

## Klokkarteneste i kyrkja

Kyrkjelydane våre har ein fin flokk med friviljuge klokkarar. For ikkje lenge sidan var delar av gruppa samla til inspirasjon og drøfting i prestegarden.

Biletet syner nokre av klokkarane.

Å vere klokkar inneber mellom anna tekstlesing, assistanse ved dåp og nattverd og andre formar for medhjelparteneste under messe.

Me er mykje takksame for den tenesta klokkarane utfører. Har du lyst til å vere med på laget, kan du gje melding til ein av oss som arbeider i kyrkja. Me treng stendig fleire.



Somme av klokkarane i kyrkjelydane våre samla til samtale og inspirasjon i prestegarden.

**Din møbelbutikk**

**BoSenteret as**

**Møbel og teppeforretning**  
Postboks 44, 3835 Seljord, Tlf. 35 06 53 33

**ALT I INNRAMMING**  
Ring for avtale  
eller stikk innom

Om oss, bilder og kart:  
[www.rammeforum.com](http://www.rammeforum.com)

**RAMME**  
**F · O · R · U · M**

3840 Seljord  
Telefon 35 05 02 10



**granvin kulturhus**  
seljord

**Granvin Kulturhus AS**

Nyveg 16 3840 Seljord

Telefon: 35 06 59 90

Epost: [post@granvinkulturhus.no](mailto:post@granvinkulturhus.no)

[www.granvin.kulturhus.no](http://www.granvin.kulturhus.no)

*Minnesamvær*

På Granvin kulturhus kan ein ha små og store minnesamvær, ta kontakt med oss.

## Pilegrimsvandring langs Skarsvegen

Tradisjonen tru vil det bli arrangert ein pilegrimsvandring også i år.

Denne gongen vil me vandre langs den gamle vegen mellom Svartdal og Åmotsdal – den såkalla Skarsvegen. Vandringa vil finne stad søndag 23. juni 2019.

Pinsemenigheten Betel vil vere arrangør saman med Åmotsdal sokneråd.

Skarsvegen er eit viktig kulturminne av mange grunnar. Kyrkjeleg sett er denne vegen eit viktig minne fordi Landstad beskriver den i sitt store dikt Anneksreisen. I dette diktet skriv Landstad om tenestereisa si frå Seljord til Åmotsdal, og gjennom ein variert og rik lyrikk gir diktarpresten oss spennande og tankevekkjande møte med både menneske og busetnader langs vegen.

Medan me vandrar vil det bli god tid til både refleksjon og ettertanke – gjennom tekstlesing og song og tid til stille. Karl Valhøvd har samla ein heil del stoff om Landstads dikt Anneksreisen. Han vil dele av sin kunnskap med oss undervegs.

Vandringa vil bli avslutta med messe i Åmotsdal kyrkje kl 15:00. Etter messa vil Seljord kyrkjelege fellesråd skipe til fest på Åmotsdal Grendehus. Denne festen vil bli avskjed for diakon Svanhild Rui Gustavsen. Diakonen vår går av med pensjon 01. juli 2019.

Vandringa vil ha oppstart ved Barstadbrua i Svartdal kl 09:00.



Frå vandring langs Skarsvegen me hadde i 2016.



Altaret i Åmotsdal kyrkje.

## Songkveldar på Flatdal samfunnshus vår 2019

1.mars 5.april 3.mai

KAMPANJE // SERVICE PÅ VARMEPUMPER



Service på  
varmepumpe

**1790,-**

Ord.pris 2.590,-

# Spar penger på strømregninga!

Høye strømpriser, kombinert med dårlig effekt på varmepumpen gir deg unødvendig høye kostnader. Bestill service idag, så vil du oppnå bedre effekt, lavere strømforbruk og et bedre inneklima.

**Service på varmepumpe kun kr. 1.790,- Ord. pris kr. 2.590,-**  
Kampanjen gjelder t.o.m. 31. mars 2019



Tlf. 35 06 10 00  
[telemark@elektropluss.no](mailto:telemark@elektropluss.no)  
[elektroplusstelemark.no](http://elektroplusstelemark.no)

## Skimesse på Kvambekk

Etter god tradisjon vil det verte skimesse i Åmotsdal også i år.

Også denne gongen skal me samlast på Kvambekkheii – søndag 17. mars 2019 kl 12:00.

I tillegg til messa vert det servering og ymse aktivitetar. Alle er velkomne – anten på ski eller til fots.



Frå skimesa på Kvambekk 2018.

## Dugnad ved Flatdal kyrkje

Laurdag 4. mai blir det dugnad i Flatdal, med storreint i kyrkja og måling av bårehus. Kyrkja held utstyret som trengst.



## Møteplan sokneråd – vår 2019

| Åmotsdal | Seljord  | Flatdal  |
|----------|----------|----------|
| 04.03.19 | 06.03.19 | 07.03.19 |
| 01.04.19 | 03.04.19 | 04.04.19 |
| 06.05.19 | 08.05.19 | 09.05.19 |

Seljord sokneråd har sine møte på kyrkjekontoret, Flatdal på samfunns- huset og Åmotsdal på grendehuset. Møta er opne for publikum, og har 18:00 – 20:00 som tidsramme.

## Trusopplæringstiltak i 2019

**Tårnagent i Åmotsdal kyrkje 7. april,** tredjeklassingar frå alle tre bygdene er invitert for å vera tårnagentar, vera med på skattejakt, undersøke tårnet i kyrkja, og lære sanger dei skal delta med i messa. Agentane møter kl.10.30, gudsteneste kl.12.00. Invitasjon kjem i posten. Velkommen!

## Landstadvandring 26.mai

Alle fjerdeklassingar i kommunen blir invitert til vandring for å bli kjent med Magnus Brostrup Landstad. Vi møtes ved Landstadmonumentet kl.17.00, er ein tur innom Seljord kyrkje, vandrar til Prestegarden, ser på det spesielle Landstadrommet, og er med på natursti. Velkommen til vandring!

## Diakonen pensjonerer seg

Svanhild Rui Gustavsen blir 67 år den 15.06.2019. Ho kjem til å jobbe ut juni, og vi har tenkt å ha ein liten avskilsfest for henne i Åmotsdal 23. juni. Då har vi fyrst tenkt å ha ei pilegrimsvandring over Skarsvegen, frå Svartdal til Åmotsdal, med ei gudsteneste etterpå, kl 15:00, og med kyrkjekaffi og avskilsfest kl 16:00 på Grendehuset. Som diakon har Svanhild arrangert og delteke på mange pilegrimsvandringar, så derfor valte vi å ha avskilsfesten i denne konteksten.

Seljord fekk ikkje eigen diakon før våren 2005. Svanhild hadde teke utdanning som diakon, og lura på om Seljord kyrkjelege fellesråd hadde jobb for ho. Det hadde vi ikkje. Men så fekk vi tips om at vi kunne søke Opplysningsvesenets fond (OVF) om midlar til ei prosjektstilling innanfor diakoni via Bispedømmerådet. Desse prosjekta varer berre i tre år, og Svanhild blei lønna på timebasis så langt dei pengane rakk. Då det blei slutt på pengane frå OVF og vi syntest vi måtte gjera stillinga fast, søkte vi kommunen om bidrag i form av auka ramme. Dette blei avslege. Men til tross for at Fellesrådet ikkje hadde økonomi til det, blei Svanhild tilsett som diakoni 20% stilling i 2008, etter å ha vore mellombels tilsett i tre år. Bispedømmerådet har sidan 2008 gjeve oss stønad på om lag kr 10 000 pr år, det har vore viktig for å kunna oppretthalde stillinga.

Sion pinse-menighet i Flatdal har sett verdien av diakonstillinga, (eller verdien av Svanhild?) og løyvde kr. 50 000,- til denne for 2011. Vi fann det då naudsynt å utvide stillinga til 30% frå 01.01.11, endå vi ikkje hadde råd til det. Det var viktig å syne at pengane frå Sion ikkje forsvann i kyrkja sitt store sluk. Sion i Flatdal blei medeigar i det gamle hotellet i Fyresdal, og hadde ikkje råd til å stø diakonstillinga med meir enn kr. 25 000 i 2012, 2013, 2014, 2015, 2016, 2017 og 2018, men også det er storveges, og Fellesrådet takkar så mykje. Svanhild hadde også ei sekretærstilling i 32% sidan 01.08.2002, den har vi kutta og gjort om til 20% diakonstilling, slik at vi i Seljord frå 08.08.2016 har ei 50% diakonstilling.

For å kunne rekruttere diakon i framtida bør det vera ei 100% stilling, og det har vi fått til ved at Hjartdal kyrkjelege fellesråd går inn med si 50% stilling, slik at vi no har ei 100% diakonstilling i Seljord og Hjartdal. Det er Seljord som administrerer stillinga, og diakonen er tilsett i Seljord. Sidan Svanhild starta som diakon har vi merka at behovet for diakonarbeid er stort i vårt område.

Kva har så Svanhild drive med? Ho har hatt svært mange personlege samtaler, det er der diakonen kan gjera ein stor positiv forskjell i folk sine liv. Elles har ho hatt føremiddagstreff i Flatdal i samarbeid med Sion pinse-menighet i Flatdal,

føremiddagstreff på Steinmoen i Åmotsdal i samarbeid med sokneråd og Betel pinse-menighet i Åmotsdal, føremiddagstreff på Sion i Langlim i samarbeid med Åmotsdal sokneråd og Betel pinse-menighet i Åmotsdal, føremiddagstreff på Seljord Misjonshus i samarbeid med Seljord sokneråd, og baby-sang på Misjonshuset i Seljord for heile kommunen, der frivillige lagar formiddagsmat og leikar med dei små.

I tillegg har ho saman med prest og organist hatt andaktar på Nesbukti, på Steinmoen, og på Nestunet og tidlegare på Heddeli. Sidan vi ikkje har trus-opplærar eller sekretær, så skriv og sender Svanhild ut invitasjonar til 4,5,6,7,8, og 9-åringar til dei forskjellige trus-opplærings-tiltaka i kommunen. I tillegg invitasjonar til gull-konfirmentar, og pårørande får invitasjon til Allehelgensdag. Ho rekrutterer frivillige til kyrkjekaffi, frivillig klokkarteneste, og

skriv og sender ut lister. Ho organiserer jolevandring med 1.-klassingar i Seljord kommune i desember, i Seljord og Flatdal kyrkje.

Er ikkje det god utnytting av ei 50% stilling? Etter mi meining er Svanhild fødd til å vera diakon, eg kan ikkje tenke meg noko anna yrke som passar betre for ho, og eg kan ikkje tenke meg nokon som passar betre til å vera diakon. Svanhild har starta mange av desse aktivitetane etter eige initiativ. Å vera diakon er å by på seg sjølv som eit medmenneske, som ein med-vandrar, som ei tett søppelbøtte, som ein representant for kyrkja si omsorgs-teneste. Den rolla har Svanhild fylt så godt som det let seg gjera, etter mi vurdering, som bygger på mange positive tilbakemeldingar. Lykke til som pensjonist med høve til større fokus på eigen familie!

*Jon Svartdal*

Aut. Installatør

## Dyrud Elektro AS

3840 Seljord
Tlf. 35 05 80 80

www.dyrud.no
post@dyrud.no



*Når du trenger elektriker*

## Føremiddagstreff i Flatdal

Dag: Onsdag  
Tid: kl. 11.00  
Sion 13.mars  
Flatdal Bedehus 10.april  
Sion 15.mai

*Med helsing Pinsemenigheten Sion,  
Flatdal Misjonslag/ Flatdal sokneråd*

Treng du skyss? Ring Knut Liestøl  
35050081

## Føremiddagsreff på Seljord misjonshus

Dag: Fredag  
Tid: kl. 11.00  
29.mars

*Med helsing Seljord sokneråd*

## Føremiddagstreff på Steinmoen i Åmotsdal

Dag: Fredag  
Tid: kl. 11.00  
22.mars  
21.juni

*Med helsing Pinsemenigheten Betel, Stein-  
moen Bu – og servicesenter og Åmotsdal  
sokneråd*

## Føremiddagstreff på Sion i Langlim

Dag: Mandag  
Tid: kl. 11.00  
20.mai

*Med helsing Betel Åmotsdal og Åmotsdal  
sokneråd*

## Seljord indremisjon

**Tysdag 12. mars kl. 19.00.**

Bibeltime med Kjell Johan Nenseter.

**Fredag 22. til og med søndag 24. mars.**

Bibelhelg med Nils Jørgen Hardang.

Fredag og søndag møte kl. 19.00, laurdag  
bibeltime kl. 10.30. Laurdag kl. 18.00 blir  
det fellesskapskveld med andakt, sang,  
underholdning og kveldsmat.

**Søndag 31. mars kl. 18.00.**

**i Seljord kyrkje**

Tim Peterson framfører delar av Marku-  
sevangeliet.

**Tysdag 2. april kl. 19.00.**

Bibeltime med sokneprest Dag Harald  
Undheim.

**Søndag 28. april kl. 19.00.**

Møte med Jens Iver Jensen.

Sjå kunngjering av møta i VTB.

**Velkommen på Misjonshuset!**

## Ledig jobb, diakon

Vi har frå 01.08.2019 ledig jobb som  
diakon i Seljord og Hjartdal. Stillinga  
er i 100% og er eit samarbeid mel-  
lom Seljord og Hjartdal. Arbeidet blir  
fordelt 50/50 i dei to kommunane,  
og det er Seljord kyrkjelege fellesråd  
som er arbeidsgjevar. Kontorstaden  
er i Seljord. Sjå fullstendig utlysing på  
heimesida vår

[www.seljordkyrkje.no](http://www.seljordkyrkje.no).

## GULLKONFIRMANTAR I 2019

### Desse var konfirmantar i Seljord i 1969

Sigrun Hilma Skar Bjørge  
Heidi Eiesland  
Arnhild Gravalid  
Gunn Eva Haugan  
Aud Halldis Kasland  
Tordis Nordgarden  
Audny Norgård  
Turid Nærdal  
Frøydís Odden  
Ingebjørg Rui  
Kari Østtveiten  
Svein Lindebø  
Jan Kåre Bjørge  
Roger Bredesen  
Olav Erikstein  
Harald Jensen Færstaul  
Inge Hilmar Nilsen  
Ragnar Nilsen  
Åsmund Sandsdalen  
Kjell Birger Teigen  
Thorbjørn Aage Øverland

### Desse var konfirmantar i Flatdal i 1969

Knut Espelid  
Høye Rue  
Inger Margrete Blika  
Alfhild Irene Eikland  
Kjersti Grøstad  
Anny Tove Haugen  
Berit Petra Kyrkjerud  
Heidi Marie Meinstad  
Berit Moen  
Inger Smeland

**Gullkonfirmantfesten blir samla for alle i  
Seljord 20.oktober. Velkommen!**

## KONFIRMASJONAR 2019

### Seljord kyrkje, søndag 5. Mai kl. 11

Håvard Eilefstjønn  
Øyvind Høgetveit  
Selma Nenseter Jensen  
Malin Manheim  
Anette Myrvang  
Eskil Skindalen  
Erlend Slåkvik  
Vetle Amund Styve-Eiesland  
Hedda Lie Ståland  
Elias Nilsen Østensen

### Seljord kyrkje, søndag 5. Mai kl. 13

Henriette Sølyst Eilefstjønn  
Jonas Flatland  
Ina Kåsa  
Sunniva Irenesdotter Uldal Kåsa  
Thomas Kluskens Liane  
Eivind Skoland Rue  
Bjørn Aslak Ståland  
Herman Hogstad Sveinsson  
Andreas Stundal Tufte  
Linn Therese Øverland  
Even Vindfjell

### Flatdal kyrkje, søndag 19. Mai kl. 11

Karianne Haustveit Aase  
Tov Tamrat Tofte Hegni  
Torjus Våge Lia  
Auguste Malinauskaite  
Johannes Rønjom-Rue  
Gunhild Barstad Slinde

### Åmotsdal kyrkje, søndag 19. Mai kl. 13

Kristine Dyrland  
Nora Kasland Groven  
Mathias Herfoss Aase  
Torstein Karlsen Rinde  
Emil Øverbø  
Eirik Øverbø

## BABYSANG – vår 2019

Velkommen til babysang på Misjons-  
huset i Seljord ( like ved ungdomssku-  
len). Her får du og barnet ditt anledning  
til å slappe av og kose dykk saman.  
Me vil synge, le, prate og ete. (Mat blir  
servert)

Dagen er: onsdag

Tid: 11.30

### Datoane er :

6.mars

20.mars

3.april



### VELKOMMEN!

*Helsing frå Kyrkja i Seljord v/Svanhild,  
soknediakon.*

Viss du lurar på noko,  
ring Mobil: 915 77 011

#### *Hjarteleg takk*

*til alle som besøkte oss og sende  
blomar og helsingar i 2018.*

*Helsing avdelingane innan pleie og  
omsorg, Seljord kommune*

#### *Hjarteleg takk*

*for minnegåva som vart gjeven ved  
Kristian Torp-Hansen si gravferd.*

*Helsing tilsette ved heimesjukepleia  
i Seljord kommune.*

## Organistens Spalte

### Markusevangeliet og folketonar

Søndag 31. mars kl 18.00 i Seljord kyrkje  
skal norskamerikansk pastor Tim Peter-  
son fremføre halvparten av Markusevan-  
geliet utenat. Det er også litt salmesang,  
ord fra sognepresten og musikk ved  
Torunn Räftevold Rue på fele. Vi skal  
spille et par stykker sammen og Torunn  
skal spille noe alene. Det blir en ganske  
unik opplevelse.

### Høytidsgudstjeneste 1. påskedag

Gunn Steinstad på trompet og forsanger-  
koret skal delta under dagens høytids-  
gudstjenesten.

### Sommerkonsert i Flatdal kyrkje

Jeg har akkurat holdt orgelkonsert in  
Cuernavaca, en by litt sør i Mexico City.  
Jeg skal fremføre samme program lørdag  
29. juni kl 18 i Flatdal kyrkje. Da kommer  
jeg å si litt om hva jeg spiller. Inngangen  
er gratis med kollekt.

### Ny liturgisk musikk Advent 2019

1. søndag i advent 2019 kan det komme  
ny liturgisk musikk under gudstjeneste.  
Jeg tror at vi kan beholde en del av hva vi  
bruker nå med kanskje endring i ett eller  
to ledd, for eksempel ny musikk for kyrie  
og hallelujaverset. Forslag til ny liturgisk  
musikk er redusert fra tjue komponister  
ned til tre.

*Keith*



# AASMUNDSEN BAKERI

FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00

**Alt i bakevarer**



Eit tilbod til familiar med barn i  
barnehage- og skulealder.

Felles måltid med mat til barn og foreldre,  
samling for barna med aktivitetar, leik,  
forteljing og song.

### VÅREN 2019:

Tysdag 12. mars

Tysdag 09. april

Tysdag 07. mai

Kl. 16.30 – 18 på Misjonshuset  
(like ved Ungdomsskulen)



DEN NORSKE KYRKJA

Seljord kyrkjelyd



*Nutheim  
Gjestgiveri*

Vi ønsker velkommen!  
Telefon: 35 05 21 43

**BYGGMESTER  
T.A. GUSTAVSEN AS**



**TLF. 975 17 817**  
**byggmester@live.no**



# Gudstenester

## Fastelavnssøndag – 3. mars

Flatdal kyrkje kl.11.00:  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

## 1.s. i fastetida – 10.mars

Seljord kyrkje kl.11.00  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 2.s i fastetida – 17.mars

Skimesse på Kvambekk i  
Åmotsdal kl.12.00  
Offer: Helg og Høgtid

## Maria bodskapsdag – 24.mars

Flatdal kyrkje kl.11.00  
Offer: Misjonsprosjektet NMS

## 3.s. i fastetida – 31.mars

Seljord kyrkje kl.11.00  
Offer: Misjonshøgskulen

## 4.s. i fastetida – 7.april

Åmotsdal kyrkje kl.12.00  
Tårnagentgudsteneste.  
Offer: Barnearbeidet

## Palmesøndag – 14.april

Flatdal kyrkje kl.11.00  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

## Skjærtorsdag – 18.april

Nutheim kapell kl.19.00  
Offer: Ungdomsarbeidet.

## Langfredag – 19.april

Manndal kapell kl.11.00  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.  
Seljord kyrkje kl.19.00

## 1.Påskedag – 21.april

Seljord kyrkje kl.1.00  
Offer: Misjonsprosjektet NMS  
Svartdal kapell kl.15.00

## 2.s. i påsketida – 28.april

Åmotsdal kyrkje kl.11.00  
Samtalegudsteneste med  
konfirmantane.  
Offer: Ungdomsarbeidet.

## 3.s. i påsketida – 5.mai

Seljord kyrkje kl.11.00.  
Konfirmasjon  
Offer: Ungdomsarbeidet.

Seljord kyrkje kl.13.00.

Konfirmasjon  
Offer: Ungdomsarbeidet.

## Grunnlovsdagen – 17.mai

Seljord kyrkje kl.10.30  
Barnearbeidet  
Flatdal kyrkje kl.12.00  
Offer: Barnearbeidet.  
Åmotsdal kyrkje kl.14.30  
Offer: Barnearbeidet

## 5.s. i påsketida – 19. mai

Flatdal kyrkje kl.11.00  
Konfirmasjon  
Offer: Ungdomsarbeidet

## Åmotsdal kyrkje kl.13.00

Konfirmasjon  
Offer: Ungdomsarbeidet.

## 6.s.i påsketida – 26.mai

Seljord kyrkje kl.11.00  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## Søndag før pinse – 2.juni

Flatdal kyrkje kl.11.00  
Konfirmantpresentasjon  
Offer: Ungdomsarbeidet.  
Pinsedag – 9.juni  
Seljord kyrkje kl.11.00  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

## 2.s. i treeiningstida – 23.juni

Åmotsdal kyrkje kl.15.00  
Pilegrimsgudsteneste  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet  
Avskjed med diakonen.

## 3.s i treeiningstida – 30.juni

Flatdal kyrkje kl.11.00  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

Seljord kyrkje



Flatdal kyrkje



Åmotsdal kyrkje



Manndal kapell

